



REFERAT frå Kviteseid Sokneråd 11.-13. desember 2023 Med e-mail korrespondanse

Sendast ut på mail til soknerådets faste medlemmar måndag 11. des. 2023:

Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund, Anne Oddny Foldøy og Møyfrid Lunde (sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje).

SR-sak 72.23 FR	SR-representant til tilsetjingsrådet i bispedømmet	MS
<p>Utlysinga etter ny sokneprest til Kviteseid er ute på nett, med søknadsfrist 31.12.2023. https://www.vljobb.no/jobb/9580-sokneprest-i-ovre-telemark-prosti-med-kviteseid-sokn-som-tenestestad Ref. vedtak i SR-sak 71.23. Det var lite som vart endre eller lagt til frå bispedømerådet. Det er dei som 'eig' saka</p> <p>No har soknerådet fått brev om saksgangen vidare, og i samråd med soknerådsleiar Marit Sørby, har vi funne det naudsynt med dette ekstra møtet med ein sak, fordi neste møte i januar blir for seint for tilsettingsprosessen vidare.</p> <p>Sjå vedlagt fyldig informasjon frå bispedømerådet (BDR) om den vidare prosessen i saka om tilsetting av ny sokneprest i Kviteseid, datert 08.12.2023</p> <p>Saka nå gjeld soknerådet sin representant til intervju og teiilsetting. <u>Personalsjef i BDR skriv mellom anna dette:</u> Soknerådet i Kviteseid utpeiker ein representant blant sine valde medlemmar til å vere med under intervjuet (av kandidatar til stillinga). Det vil vere naturleg at denne personen er den same som skal sitja i tilsetjingsrådet.</p> <p>Vi har frist til 12. januar med å melde inn kven som skal representere Kviteseid sokneråd, men av praktiske omsyn er det greitt å få saka unna no før jol. Mellom anna er kyrkjeverja på ferie frå 20.12-17.01.</p> <p>Soknerådet var på sist møte inne på kven som skulle representera Kviteseid i denne saka, men det ble ikkje formalisert av di vi trudde vi hadde betre tid.</p> <p>Det kan godt vere at SR-leiar Marit Sørby er den beste og riktige kandidaten å senda. Ho uttrykte eit klart ynskje om å vera utsending, men kan ikkje trumfe gjennom si meining. Soknerådet står fritt til å velje kven dei vil.</p> <p>Marit Sørby ynskjer framleis å vere SR sin representat.</p> <p>Kyrkjeverja foreslår difor at alle faste medlemmer i rådet svarar på denne mailen med kven dei ynskjer soknerådet skal peike ut til å representera Kviteseid. Dersom du ynskjer ein representant til intervjuet og ein annan til tilsetjingsrådet, skriv du det og. Bruk 'Svar' eller 'Svar til alle'. 'Svar' betraktast som skrifteleg anonymt svar, og 'Svar til alle' blir då kjent for heile SR. Blir det naudsynt med fleire rundar, så rekk vi det.</p>		

Svarfrist vert sett til onsdag 13. des., men svar gjerne med ein gong du har lese dette og fått tenkt deg om.

Vedlegg: *Brev til sokneråd og tilsetjingsråd Sokneprest Kviteseid 2024*

Forslag til vedtak:

Kviteseid sokneråd peiker ut soknerådsleiar Marit Sørby til å vere med på intervju av kandidatar til sokneprest-stillinga, og til å sitje som soknerådet sin representant i tilsetjingsrådet til bispedømerådet i denne saka.

Svar på mail:

- Marit Sørby, 11.12.: Hei. Nå har jeg tenkt meg grundig om, og jeg vil gjerne bli valgt som representant til intervju, og sitte i bispedømerådet sitt tilsetjingsutval. Mvh Marit Sørby
- Knut Gjersund (11.12.): Hei. Stør forslag til vedtak, når Marit er villig til å påta seg oppgava føler ho er eit naturleg val. Med venleg helsing Knut Gjersund
- Solveig Løfgren (11.12.): Eg meiner Marit Sørby er ein god representant frå Soknerådet i samband med tilsettinga av ny prest. Mvh Solveig Aabø Løfgren
- Sigrun Moen (11.12.): Hei! Tilsetjing av ny sokneprest: Eg går inn for at Marit Sørby blir soknerådet sin representant til å delta på intervjurunde og vera med i tilsetjingsutvalet i bispedømerådet. Ser dette som naturleg fordi ho er leiaren i soknerådet, og ho ynskjer sjølv å representere soknerådet i Kviteseid. Sigrun
- Møyfrid Lunde (12.12.): Hei. Eg støttar at Marit Sørby representerer soknerådet i intervjurunde og tilsetjingsutval. Mvh Møyfrid
- Dagfinn Køhn (12.12.): Også jeg ønsker Marit god tur og lykke til! Dagfinn
- Astrid Breivik (12.12.): Marit er god representant for soknerådet 🙌

Vedtak:

Kviteseid sokneråd peiker ut soknerådsleiar Marit Sørby til å vere med på intervju av kandidatar til sokneprest-stillinga, og til å sitje som soknerådet sin representant i tilsetjingsrådet til bispedømerådet i denne saka.